

Til
Offentlege mynde
Naboar/rettshavarar
Lag og organisasjonar

DERES REF: | VÅR REF: LINDA DJUVIK SØNSTABØ
DOKUMENTKODE: 10249776-01-PLAN
TILGJENGELIGHET:

Stord, 15. januar 2024


VARSEL OM UTVIDING AV PLANOMRÅDE: DETALJREGULERING AV KNUTSAÅSEN OMSORGSSENTER, GNR/BNR 27/118 MFL. PLANID 202301

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8, vart det 09.08.2023 varsla oppstart av detaljregulering for Knutsåsen omsorgssenter 27/118 mfl. Det vert no varsla om utviding av planområdet nordvest og søraust i planområdet.

Tiltakshavar er Stord kommune. Plankonsulent er Multiconsult Norge AS.

Planområdet

Planområdet er vist på kartutsnitt under med grøn skravur for utviding. Utvida planområde omfattar no heile, eller delar av følgjande eigedomar: gnr./bnr. 27/113, 211, 326, 362, 639, 656, 759, 772, 832, 859 og 881.27/118 mfl.




Forslag til utvida planområde markert med grøn skravur.

Føremålet med planen

Føremålet med planen er å utvida omsorgssenteret og leggja til rette for ytterlegare 64 plassar og eit mottakskjøkken som skal betena bebuarane i Knutsaåsen. Knutsaåsen er tilknytt eksisterande infrastruktur, og vil framleis ha tilkomst frå vegen Kattatveit. Denne vegen er tovegskøyrd og mykje brukt av mjuke trafikantar (blant anna skuleborn og barnehagar), og er ikkje etablert med fortau. Trafikksikring og utforming av tilkomstveg vil difor vera sentralt i planarbeidet. Andre sentrale tema i planen er tilpassing til landskap og naboar, barn og unge sine interesser, samt grønne verdiar.


Føreslåtte endringar

Bakgrunnen for utviding av planområde i søraust er at det i samband med grunnundersøkingar er gjort funn av sprøbrotmateriale sør for Kunnskapshuset der ny vegfylling er planlagt. Funnet kan vera indikasjon på kvikkleire. Det er gjennomført geotekniske undersøkingar og gjort ei vurdering av områdestabilitet. Planområdet vert utvida for å sikra nok areal til fyllingsutslag på veg.



Forslag til utvida planområde søraust.

Utviding av planområdet i nordvest er for å avgrensa ny reguleringsplan mot gjeldande reguleringsplan **Gnr/bnr 37/3 Austeråsen, Lønningsåsen**. Dette for å få fleksibilitet i høve plassering av fortau, dersom fortau vert flytta til andre sida (innsida mot vest).



Forslag til utvida planområde nordvest.

Tiltaka ovanfor krev meir areal enn opprinneleg varsla.

Merknad til utvida planområde

Grunneigarar som vert råka av utvidinga er varsla direkte med brev. Varselet vert ikkje kunngjort i avis, men vil vera tilgjengeleg på Multiconsult sine nettsider under kunngjeringar.

Innspel til utviding kan sendast til Multiconsult per e-post til lindadjuvik.sonstabo@multiconsult.no

Merknader til dette varselet skal kun gjelda endringar med utviding av planområdet. Tidlegare merknader innsendt til plansaka er gjennomgått i merknadsskjema som følgjer saka til politisk handsaming.

Frist for å senda merknader er satt til 3 veker. Frist er satt til **08.02.2024**

Med venleg helsing

Multiconsult

Linda Djuvik Sønstabø
Arealplanleggjar, Seksjon akva og plan